

Kva gjer me i FAU?

Som medlem av FAU i får du innsikt i drifta av skulen/barnehagen og moglegheit for å påverka. FAU skal vera eit bindeledd mellom barnehagen/skulen og heimane.

I FAU kan me ta opp saker av praktisk og styrande art som gjeld heile verksemda eller ei avdeling. Medlemmer i FAU kan uansett ikkje snakka til andre om sensitive saker som me har fått kjennskap til gjennom vervet i FAU.

FAU arrangerer tilstelningar i verksemda. Dette kan vere:

- Arrangement for foreldre og barn
- Foreldremøte med ulike tema
- Trivselsskapande arrangement for barna i verksemda.

Godt sosialt miljø gjer foreldre, tilsette og barn trygge og det er grunnlaget for all læring.

Grunnlaget for FAU er heimla i Lov om barnehagar, §4. To representantar frå FAU deltek også i verksemda sitt samarbeidsutval (SU). Her møter også representantar frå dei tilsette og politisk valde personar.

Kva gjer SU?

SU legg føringar for barnehagen sitt mål og planarbeid. Her drøftar me saker frå barnehagen, FAU eller kommunen. Leiar orienterer SU om økonomi, drift og personalsituasjonen. SU vedtek barnehagen sin utviklingsplan. Ein representant frå FAU orienterer om arbeid i FAU.

Val til FAU

Ein vel representantar til FAU for kvart barnehage/skuleår. Dette kan organiserast ulikt på den enkelte skule/barnehage. Dersom du har lyst til å vera med, ta kontakt med dei tilsette i barnehagen/skulen, eller meld deg på foreldremøte. Det er foreldrerepresentantar frå kvar klasse/avdeling i FAU, og begge møter. For å sikra kontinuiteten i FAU-arbeidet er det ønskjeleg av nokon av representantane sit i fleire år.

Den enkelte skule vel kor mange møte det er i året.

FAU-styret

På det første møtet blir det valt leiar, nestleiar, skrivar og to representantar til SU. Den som er leiar av FAU har ansvar for å kalla inn til møte, førebu saker og leia møta. Leiar legg også referat frå møta ut på heimesida. Når det er behov, kan FAU arrangera meiningsmåling gjennom spørjeundersøkingar blant foreldra.

Leiar deltek også på møta i kommunalt FAU kor representantar for alle FAU i kommunen deltek saman med administrasjonen for skule og barnehage. Kommunalt FAU har fått eit mandat frå politikarane i Klepp som gjev FAU rett til innsikt i endringar på overordna nivå, skule og barnehage, i Klepp og FAU har høve til å uttala oss.

Den enkelte verksemda har liste over medlemmane i FAU med namn og kontaktdata. Desse listene bør eininga legge ut på

heimesida. Dersom nokre foreldre synst det er vanskeleg å ta opp saker, kan dei bruka FAU-representantane som mellomledd.

Rektor eller representant frå leiinga deltek på møta til FAU. Leiinga orienterer FAU om endringar i personalet, endringar i drifta av barnehagen, føringar frå kommunen eller andre endringar som verkar inn på verksemda sitt pedagogiske innhald og den daglege drifta.

Leiinga kan om ønskeleg gje leiar av FAU tilgang til nettsida til barnehagen gjennom brukarnamn og passord. FAU kan bruka eigne sider fritt, medan andre sider kan me bruka etter avtale med leiinga.

Eskempel - Årshjulet til FAU (bhg)

August	FAU kan delta på møtet for nye foreldre
September	Konstituering av FAU
Oktober	Foreldremøte (barnehagen)
Desember	Lysfest
Januar	Evaluering av barnehagen sitt arbeid mot mobbing
Februar	Foreldremøte (FAU)
April	Utviklingsplan og aktivitetsdag
Mai	17.mai-tog
Juni	Sommaravslutning - kakebaking

Innimellom desse hendingane har FAU møter kor ein planlegg aktivitetar og behandlar saker. Møteplanen blir fastsett på første møte på hausten.

Nyttig link: www.fubhg.no